

# Førde Framover – visjonsgruppa

## Arbeidsdokument

Samandrag og arbeidsgrunnlag for møta i visjonsgruppa den 22.4, 6.5, 27.5, 9.6, 24.6, 2.10 (deler av gruppa deltok). Vidare var heile Førde Framover gruppa samla den 30.10.2009

## Visjon – mål - verdiar

### Deltakarar:

Visjonsgruppa hadde sitt første møte den 18.6.08 og har hatt følgjande deltakarar:

Lidvin Osland – leiar og deltakar fram til april 2009

John Helge Lunde – leiar frå april 2009

Torhild Hvidsten

Grethe Øren

Bente Walaker

Tore Dvergsdal

Leif Arne Åsen

Rahimollah Jurmy (ikkje delteke sidan februar 2009)

### Visjon og mål:

Visjonsgruppa har arbeidd med to visjonar med felles mål. Visjonsgruppa konkluderte å gå vidare med berre ein av desse visjonane. Denne er:

### Visjon:

Førde – ei drivkraft med menneska i sentrum.

### Mål:

#### Sunn vekst:

a) Førde skal ha ein snitt årleg vekst i folketalet på minimum 1,5%. Minimum 1/3 av denne veksten skal kome frå netto tilflytting.

b) Tal innbyggjarar med innvandrarbakgrunn (vestleg og ikkje vestleg) skal i 2020 minst vere på landssnittet. I 2008 var dette forholdstalet det halve i Førde i forhold til landssnittet.

#### Utdanning:

a) Førde skal kvart år, som i dag, vere i landstoppen når det gjeld kvalitet på barnehagar og skular.

b) Førde skal i 2020 ha 1.000 heiltids studieplassar innan høgare utdanning. I 2009 er det 630 heiltidsstudentar i Førde.

**Arbeid:**

- a) Førde skal i 2020 ha 5 prosentpoeng fleire arbeidsplassar med høgare utdanning enn landssnittet. Dette blir målt ved at ein ser kor stor del av innbyggjarane over 16 år som har høgare utdanning. I 2008 hadde 29,7 % av innbyggjarane i Førde høgare utdanning mot 24,8 % i Noreg.
- b) Førde skal ha eit sterkt fokus på å skape helserelaterte arbeidsplassar. Det var i 2008 knytt 1.118 årsverk eks ambulansenesta til Førde Sentralsjukehus. I 2020 skal det vere knytt 350 fleire årsverk til offentleg og privat helseverksemd innan spesialisthelsetenesta.
- c) Førde skal i 2020, som i dag, vere i landstoppen på handel målt etter omsetnad innan varehandelen per innbyggjar. Den årlege veksten i detaljhandelen skal vere høgare i Førde enn for landssnittet.
- d) Førde skal ha eit attraktivt finansmiljø. I 2009 arbeider det ca 320 personar innan finansnæringa i Førde. I 2020 skal det vere knytt 500 årsverk til denne næringa.

**Identitet:**

- a) Førde skal innan 2020 ha etablert noko som gjer byen kjent i Noreg og helst i utlandet (ein positiv identitetsskapande sak).
- b) Førde skal innan 2020 ha innbyggjarar som er over landssnittet miljøbevisste. Dette målt ved at det relative talet verksemder/institusjonar i Førde som er miljøsertifiserte skal ligg over landssnittet.

**Trivsel**

- a) 90 % av innbyggjarane skal i 2020 tilrå sine venner/kjende å flytte til Førde. I 2008 var tilsvarande tal 89 %.
- b) Befolkninga i Førde skal ha god helse. Dette målt ved levealder. Snitt levealder på befolkninga i Førde i 2020 skal vere 1,5 år høgare enn snittet i Norge. I perioden 2001-05 var dette snittet (tal for Sogn og Fjordane fylke) 1,45 år høgare enn landssnittet.
- c) Førde skal i 2020 bli framheva positivt for si estetisk utforming basert på den tida staden er bygd opp i.
- d) Innan 2020 skal det vere bygd ny veg forbi Førde og noverande vegsystem i Førde skal vere forbetra. Vi har bilfrie møteplassar og det er lagt godt til rette for mjuke trafikkantar.

**Verdiar:**

Visjonsgruppa konkluderte med å foreslå følgjande verdiar til ein spørjeundersøking hjå innbyggjarane i Førde. Målet er at ein skal konkludere med maks 5 verdiar som skal kjenneteikne folk i Førde. Følgjande verdiar dannar utgangspunkt for spørjeundersøkinga:

Verdiskapande  
Nyskapande  
Engasjert  
Modig  
Inspirerande  
Kreativ  
Kulturell  
Vennleg  
Romsleg  
Triveleg  
Miljøbevisst

Omsorgsfull  
Inkluderande

### **Bakgrunnsmateriale**

Nedanfor følger eit samandrag av noko av det materialet som ein har bygd på under arbeidet med utforminga av visjon/mål.

#### **Førde tilbake i tid:**

1. Førde har ei svært gamal historie, og kan vise til busetjing lengre tilbake (4.500 år tilbake i tid) enn dei fleste plassar på Vestlandet.
2. Jordbrukssamfunn
3. Lite sentrum med ein liten overklasse (prest, handel, sorenskrivar, futen, diktarar)

#### **Utviklingstrekk:**

1. 1801 – 1.157 innbyggjarar
2. 1900 – 2.913 innbyggjarar
3. 1960 – 3.658 innbyggjarar
4. 1965 utpeika Fylkesutvalet og Kommunaldepartementet Førde som prøvesenter/vekstsenter.
5. 1979 sto Sentralsjukehuset ferdig.
6. I 1996 passerte Førde sentrum (7.374 menneske) Florø sentrum (7.319 menneske) som største tettstaden i Sogn og Fjordane
7. 7. februar 1997 10.000 innbyggjarar. Vart by 19. februar 1997.
8. I perioden 1987-96 var det berre tre kommunar i Noreg med større folkevekst enn i Førde.
9. Grunnar til vekst i Førde:
  - Ei forklaring på at Førde kunne utvikle seg så raskt var nok at det ikkje fanst nokon større by i fylket frå før. Avstanden til Bergen og Ålesund var stor.
  - Førde hadde rikeleg med plass å vekse på.
  - Førde er eit trafikk knute punkt i fylket, og Førde har vakse fram i bilalderen.
  - Framsynte politikarar/byråkratar.
  - Etableringa av sentralsjukehuset
  - Førde er "Noregsmeister" i handel.

### **Kjenneteikn med Førde det siste 10 året og fram til i dag:**

1. Vekst i folketal primært pga fødselsoverskot, men også pga noko netto tilflytting. Fødselsoverskot har overtatt som vekstmotor i forhold til netto innflytting som var vekstmotoren tidlegare – eit faresignal!
2. Vekst i folketalet har skapt bustadbygging og bygging av nye butikk og kontorlokale.
3. Ung befolkning, men ikkje så ung som den var!
4. Helse – Sentralsjukehuset (1.118 årsverk i 2008 inklusiv psykiatriske institusjonar plassert i Førde. Ambulansetenesta er ikkje inkludert).
5. Sterk på handel.
6. God på utdanning frå barnehage til og med høgskuleutdanning.
7. I forhold til fylket elles er vi god på privat tenesteyting bl.a. bank og finans, men for dårleg i forhold til større byar.
8. Lite industri, med unntak av entreprenørbransjen.
9. Sterk på idrett og kultur
10. Fine naturopplevingar
11. Kritikk mot korleis det ser ut i Førde
12. Kritikk mot Førde frå store deler av kommunane elles i fylket
13. "Svak" på integrering av utlendingar, men er vi svakare enn andre stader?
14. Få kapitalistar – ei ulempe og ein styrke!
15. Stor dugnadsånd innan barneidrett m.m., men liten Førde patriotisme!

### **Nærare om folketalsutvikling i Førde dei siste 40 åra:**

Per 1.1. 1969 budde det 4.464 menneske i Førde.

I frå 1969 til 1979 vaks folketalet i Førde med 2.162 menneske (48,4%). Auken fordelte seg på 635 menneske gjennom fødselsoverskot og 1.524 gjennom nettoinnflytting. Sistnemnde sto soleis for vel 70% av folketalsauken.

I frå 1979 til 1989 var folkeveksten 1.688 (25,5%). Fødselsoverskotet var på 1.055 og nettoinnflyttinga var på 655.

I frå 1989 til 1999 var folketilveksten 2.074 (22,1%). Fødselsoverskotet var på 1.260 og nettoinnflyttinga var på 800 menneske, dvs. at nettoinnflyttinga utgjorde no knapt 40% av veksten. I denne perioden var det berre kommunane Frogn (28,3%) og Fjell(23,4%) som hadde høgare folketilvekst i Norge enn Førde.

I frå 1999 til 2009 var folketilveksten 1.450 (14,0%). Fødselsoverskotet var på 1.221 og nettoinnflyttinga var på 229 menneske. Dette betyr at nettoinnflyttinga siste 10 året utgjør vel 15% av folketilveksten mot vel 70% i 10 års perioden frå 1969 til 1979.

I det siste 10 året har folketilveksten i snitt årleg vore på 1,34%, mens den for perioden 1969 til 1999 i snitt årleg var på 2,85%. Veksten er m.a.o. blitt meir enn halvert.

Folketilveksten i 2008 var på 188 menneske og per 1.1.09 budde det 11.838 menneske i Førde. Førde har i nemnte 40 års periode berre opplevd folkenedgang eitt år og det var i 1983 (-3). Høgaste folketilvekst hadde Førde i 1979 med 460 menneske. Høgaste folketilveksten i siste 10 året var i 2003 med 198 menneske.

<u>Befolkningsstruktur 2008:</u>	<u>Førde</u>	<u>Fylket</u>	<u>Noreg</u>
Tal menn per 100 kvinner i alderen (20-39)	99,2	105,7	104,0
Del barn og unge 0-17 år	27,2	24,3	23,0
Del eldre 80 år og over	2,8	5,7	4,6
Del personar med vestleg innvandrarbakgrunn	1,2	1,6	2,4
Del personar med ikkje vestleg innvandrarbakgrunn	3,6	3,4	7,2
Del busett i tettbygd stork i prosent	77	56	78

Av ovannemnde kan ein konkludere med at ein har eit kvinneoverskot i den mest fruktbare alderen. Ein ligg over landsnitt når det gjeld barn og unge. Ein har få eldre og ein har få innvandrarak. Når det gjeld innvandrarak blir det hevda at det arbeider 50.000 svenskar i Oslo. Gitt at vi skulle ha relative like mange arbeidande svenskar i Førde måtte talet vere over 1.000.

<u>Andre kjenneteikn med Førde per 2008:</u>	<u>Førde</u>	<u>Fylket</u>	<u>Noreg</u>
<u>Barnehagar/utdanning:</u>			
Barnehagedekning 1-2 år. Prosent	74,6	77,0	74,7
Barnehagedekning 3-5 år. Prosent	98,3	98,2	95,5
Del elevar i grunnskulen med spesial undervisning. Prosent	8,5	8,4	7,0
Del av befolkninga utover 16 år med høgare utdanning. (%)	29,7	20,5	24,8
Menn høgare utdanning	25,4	17,4	23,3
Kvinner høgare utdanning	33,8	23,6	26,2
<u>Buforhold:</u>			
Del busett i blokk/bygård. 2001. Prosent	3,0	1,5	12,8
Del busett i bustad bygd etter 1961. 2001. Prosent	89,7	71,9	66,9
Del husholdningar som disponerer bil.	76,0	71,8	70,3
<u>Kommuneøkonomi 2008:</u>			
Frie inntekter per innbyggjar. Kr.	27.596	34.721	31.652
Brutto utgifter fordelt per sektor. Prosent			
Administrasjon	7,5	7,2	6,3
Barnehage	13,3	9,7	11,4
Grunnskule	24,6	21,6	21,6
Pleie og omsorg	24,1	29,4	26,9
Kommunehelse	3,4	4,5	3,7
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	-2,7	-1,4	-0,1

Netto lånegjeld per innbyggjar. Kroner	49.180	46.698	25.416
Statlege rådeoverføringar som del av brutto driftsinnt. (%)	14,5	23,8	17,5

Av ovannemnde ser ein at barnehagedekninga er tilnærma på fylkes og landssnitt. Befolkninga i Førde har høg utdanning både i forhold til fylket og landet elles. Spesielt gjeld dette for kvinner. Dette heng truleg saman med Førde sin sterke stilling innan helse og utdanning. Det kan vidare konkluderast med at ein bur og køyrer standsmessig.

Kommuneøkonomien er både på driftssida og investeringssida prega av at Førde er ein vekst kommune og ein kommune med ung befolkning. Ein har høge kostnader knytt til barnehagar/skular. Underskotet på drifta er spesiell for 2008. Ein mottok låge statlege overføringar.

Lånegjeld per innbyggjar er høg i Førde, men kan som nemnt forklarast med at Førde har vore ein betydeleg vekstkommune. Det er soleis endå meir bekymringsverdig å sjå på den høge lånegjeld i Sogn og Fjordane, kr 46.698 mot snitt i Noreg på kr 25.416, dvs. nesten dobbelt så høg gjeld per innbyggjar i Sogn og Fjordane som i resten av landet. Det er no ikkje vekst som kjenneteiknar resten av fylket og det kan soleis stillast spørsmål ved kvifor det blir investert så mykje. Prøver ein å investere seg bort frå folketalsnedgang og/eller er det ei førebuing til komande kommune-samanslåingar? Kven skal betale rekninga?

### **Regional utvikling.**

Folketalet i Sogn og Fjordane var per 1.1.69 på 100.945 menneske. Det budde 106.457 menneske i Sogn og Fjordane den 1.1.09. Folkeveksten i Sogn og Fjordane fylke har soleis vore på 5.512 menneske (5,5%) dei siste 40 åra. I same periode var folkeveksten i Førde på 7.374 menneske, dvs. 165%. Høgaste folketalet hadde fylket i 1.1.97 med 107.989. Sidan den gongen har folketalet i fylket blitt redusert med 1.532 menneske. Held ein vekke folketilveksten i Førde sidan 1997 på 1.880 menneske ser ein at folketalet i resten av fylket har gått ned med 3.412 menneske sidan 1997 eller 3,5%.

Hovudårsaka til den negative utviklinga i Sogn og Fjordane er mangelen på større befolkningskonsentrasjonar i fylket. Det er få, om nokon stad, som er stor nok til å vere eit attraktivt bu- og arbeidsområde. Naturlege bu – og arbeidsområde i fylket er ikkje store nok til å ha "kritisk masse" når det gjeld tal menneske. Det er vanskeleg å ha noko eksakt oppfatning av kva som er minimum tal menneske på ein stad/område (kritisk masse) for at staden skal greie å utvikle seg positivt med tanke på folketilvekst. Truleg vil det variere frå område til område bla. ut i frå kor ein er plassert i forhold til andre sentra, infrastruktur, kva næringsgrunnlag ein har osv. Det er likevel naturleg å tru at på same måte som ei verksemd har behov for kritisk masse når det gjeld tal tilsette for å tiltrekke seg ny kompetent arbeidskraft, gjeld det same for befolkningsområde. Viktigheita av kritisk storleik på folketalet er blitt langt viktigare pga. framveksten av offentleg og privat tenesteyting. Tidlegare var arbeidsplassar hovudsakeleg tufta på industri og naturførekomstar. I dag ser vi at sysselsetjingsveksten primært kjem innanfor tenesteytande næringar. Både innsatsfaktoren og kundane er i stor grad lokale menneske og dermed blir mennesket den "knappe" faktoren.

Auka forståing av ovannemnde forhold har dei siste åra, spesielt på næringslivssida, medført eit tettare samarbeid mellom Førde og Florø. Ein ser behovet for å sjå på Førde-Florø aksen som eit naturleg bu- og arbeidsområde med ca 30.000 menneske. Prosjektet 45-minuttsregionen

(45minuttsregionen.com) som er utarbeida av Sunnfjord 2020 AS, Måløy Vekst AS og Bremanger Hamn og Næring KF er også eit prosjekt som er tufta på dei negative konsekvensane av at ein kvar for seg er for små. Bättre infrastruktur som knyt menneska lettare saman er avgjerande stikkord for positiv utvikling. Prosjektet er opptatt av å sjå på Førde som ein del av denne "kystregionen". Dette er positive tankar.

På søre sunnmøre og i midtre og indre Nordfjord har ein liknande regionale infrastrukturtiltak gjennom Kvivsvegen og Eikesundsambandet.

Historikar Finn Borgen Førstund utførde våren 2009 ei kartlegging av bu og arbeidsmarknadsregionar i Sogn og Fjordane basert på talmateriale frå 2007. Hans konklusjon er ikkje overraskande at Førde dannar sentrum i den mest kraftfulle bu- og arbeidsmarknadsregionen i fylket. Denne regionen inkluderer kommunane Førde, Naustdal, Gaular og Jølster. Frå dei tre siste kommunane pendlar det dagleg inn 1.780 yrkesaktive til Førde. Dagleg pendlar 48% av dei yrkesaktive i Naustdal til Førde. Noko færre frå dei to andre kommunane. I frå Askvoll pendlar dagleg 167 personar til Førde, 11% av dei yrkesaktive i kommunen. Dette er langt meir enn kva som dagleg pendlar frå Askvoll til Fjaler og Hyllestad. Det pendlar dagleg 98 personar frå Fjaler, 25 frå Hyllestad og 79 frå Høyanger til Førde.

Når ein ser at nærare 50% av dei yrkesaktive i kommunane Naustdal, Gaular og Jølster pendlar til Førde skjønar ein kor avhengig desse tre kommunane er av ei framleis positiv utvikling i Førde. Når ein ser på befolkningsutviklinga i desse tre kommunane dei siste åra ser ein at den er langt meir positiv enn for andre kommunar i fylket som ligg lengre borte frå Førde. Dette underbygger diskusjonen om at ein stad/region krev ein kritisk befolkningsmasse for å kunne ha ei positiv utvikling når det gjeld folketal. Det har lenge vore sagt at Førde lever av sitt omland. Det er korrekt, men det må og vere lov å seie at omlandet lever av Førde.

### **Utdanning.**

I Førde er det i 2009 630 heilårsstudentar (deltidsstudentar er då rekna ned til heilårsstudentar). Dette er nesten det halve av kva tal studentar ein har i Sogndal. Desse studentane er knytt til studie for sjukepleie ca 400 stk, ingeniør ca 70 stk og diverse vidaregåande høgare utdanning/master med ca 160 heilårsstudentar.

I 2009 er det 1.175 elevar knytt til den vidaregåande skulen. Desse er fordelt på følgjande skular:

Fagskulen i Førde:	100 elevar + nettelevar
Mo-Jølster vidaregåande:	225 elevar
Øyrane vidaregåande:	385 elevar
Hafstad vidaregåande:	<u>465 elevar</u>
Totalt:	1.175 elevar

Dersom ein ser på utviklinga i tal elevar i 10. årstrinet i fylket framover ser ein at det vil gå betydeleg ned. Ein vil ha ein topp på 1.607 elevar hausten 2010 og så vil dette talet falle med nesten 300 elevar fram til hausten 2018. Dette tilseier m.a.o. at ein større vidaregåande skule kan takast bort. Skjer denne nedbygginga i område der elevane ønskjer å ta vidaregåande utdanning eller vert andre omsyn vektlagt langt høgare? Faren er andre omsyn enn kva elevane ønskjer seg blir tillagt stor vekt og soles bidreg dette aktivt til ein ytterlegare negativ befolkningsutvikling i fylket vårt.

## **Arbeid.**

I følgje tal frå NAV Sogn og Fjordane var det i 4. kvartal 2007 3.371 sysselsette (stillingar, ikkje årsverk) innan offentleg sektor i Førde. Innan varehandelen var det 1.352 sysselsette. Innan bygg og anlegg 601 sysselsette og transportsektoren sysselsette 191 personar. Andre næringar sysselsette 3.251 personar. Totalt var det 8.761 sysselsette i Førde.

Dei to største arbeidsgjevarane i Førde kommune er Sentralsjukehuset og Førde kommune. Offentleg sektor er soleis heilt sentral i Førde og når ein ser på tal sysselsette i Førde i 4. kvartal 2007 utgjer sysselsette innan offentleg sektor 38% av samla tal sysselsette i kommunen. Dette forholdstalet er likevel ikkje så mykje høgare enn fylkessnittet som er på 33%. Spesielt dominerande i Førde er Sentralsjukehuset med sine mange høg kompetanse arbeidsplassar. Innan helse er også Førde kommune ein vesentleg aktør og etter kvart har det vakse fram fleire mindre private aktørar som leverer ulike helsetenester.

Detaljomssetnaden i Førde var i 2008 på kr 1,47 mrd. Dette utgjer vel 22,6 % av detaljomssetnaden i fylket. Dette utgjer ca kr 124.700 per innbyggjar i Førde mot snittet i fylket på kr 61.300 per innbyggjar. Legg ein til bil og drivstoff var samla omsetnad i Førde på kr 2,48 mrd i 2008 eller 25,9% av samla omsetnad i fylket. Meir enn kvar fjerde omsetnadskrone i fylket skjer m.a.o. i Førde. Med bakgrunn i Førde si satsing på handel, og Førde sitt store omland, har Førde låge blant topp 5 kommunane i Noreg med størst omsetnad per innbyggjar dei siste 10 åra. Dei siste åra har det vore bygd betydeleg med nye handelsareal i Førde utan at handelen har auka tilsvarande. I Førde auka detaljomssetnaden med 1,5% frå 2007 til 2008. Tilsvarande tal for fylket og landet var hhv 4,6% og 3,8%. Med tanke på den vesentleg tilgong på nye handelsareal frå 2007 til 2008 tilseier dette ein nedgong i handelen i Førde målt per tilgjengeleg handelsareal.

Ei anna næring som er sentral i Førde er bank og finans. I 2009 er det om lag 230 arbeidsplassar innan bank og forsikring i Førde. Veksten har her vore på ca 75 personar dei tre siste åra. Etableringa av Gjensidige Bank er her hovudforklaringa. Dersom ein legg til andre tenester innan finansnæringa som revisjon, rekneskapsbyrå, advokat og økonomisk rådgjeving er ca 320 personar sysselsett innan finansnæringa i Førde. I ei undersøking som Framtidsfylket gjennomførte våren 2009 kom det fram at bank og finansmiljøet i Førde var det mest kjente og attraktive fagmiljøet i fylket.

## **Utvikling i alder i befolkninga**

Folk lever stadig lengre. I 2008 er snitt levealder i Noreg for menn 78,31 år og for kvinner 82,95 år. Vidare kjem det no stadig informasjon om at meir enn halvparten av dei som blir fødde i dag vil bli over 100 år gamle. Statistisk sentralbyrå har ikkje oversikt over levealder per kommune, men dei har oversikt fordelt ned på fylke. For at fylkesoversikta skal vere påliteleg er snitt levealder i fylka rekna i snitt over 5 års periodar. I den siste tilgjengeleg femårsperioden (2001-05) levde menn i Sogn og Fjordane 1,3 år lengre enn landsnittet og når det gjaldt kvinner lever dei i Sogn og Fjordane 1,6 år lengre enn landsnittet.

## **Førde Framover si innbyggjarundersøking hausten 2008.**

I veke 42 i 2008 vart det på oppdrag frå Førde Framover gjennomført ei innbyggjarundersøking i Førde, basert på 400 telefonintervju. Hovudelementa frå denne undersøkinga var som følgjer:

- 89% av innbyggjarane i Førde kan tenkje seg å tilrå vener og kjente å flytte til Førde (dette er svært høgt).
- 93% av innbyggjarane er svært/mykje fornøgd med butikktvalet i Førde.
- 74% av innbyggjarane er svært/mykje fornøgd med å bu i Førde.
- Innbyggjarane i Førde er mest stolt av naturen i og rundt Førde, Førdehuset, kulturtilboda generelt, samt Oddvar Torsheim og Førde Volleyball.
- 81% seier at dei høgst sannsynleg bur i Førde om 5 år.
- Over 50% grunngjev at dei bur i Førde pga jobben.
- Viktigaste grunnen til å flytte frå Førde er studie/utdanning.
- 3 av 4 meiner at Førde ikkje har spesielle særtrekk.

## **Kva ønskjer vi for Førde framover?**

1. Har vi høge nok ambisjonar for Førde si utvikling?
2. Er vi blitt store nok til å gå på eigne bein no eller må vi framleis spørje folk i fylket elles om lov?
3. Vekst i folketal
4. Vekst i folketal for ein kvar pris?
5. Eit "fargerikt" samfunn? Ønskjer vi innvandring frå den tredje verden eller berre frå Gaular?
6. Kva er drivar for vekst?
7. Mennesket den knappe faktor?
8. Kva blir vekstnæringane framover?
9. Kva skal til for å få folk til å bli buande i Førde, flytte til Førde?
10. Kva er mål på om ein stad har suksess eller ikkje? Om folk som bur der trivst eller om folketalet veks og vil halde fram med å vekse? Kva haldningar ein har til dette spørsmålet er grunnleggjande. Svakheita med å måle på trivsel er at ein vanlegvis ikkje spør barna, ein spør i alle fall ikkje dei ufødde samt at ein ikkje spør dei som er potensielle tilflyttarar. Ein spør også sjeldan dei som har flytta ut. Ordtaket like barn leikar best er det nok mykje i, men det er tvilsamt ein suksessfaktor når ein tenkjer utvikling.

## **Møter 2008, vinter, våren og hausten 2009**

18.6.08, 5.10.08, 22.10.08, 18.11.08 (presentasjon innbyggjarundersøking), 26.11.08, 24.1.09 (visjonsdag for alle gruppene i Førde Framover), 17.2.09, 1.4.09.

### **Diskutert i møte 24.4.09:**

Stikkordet møteplass vart diskutert. Dette er eit ord som truleg kjem meir og meir i framtida, og som det soleis kan vere fornuftig å tenkje meir i gjennom. "Ser deg i Førde" – slagordet var nettopp tufta på Førde som ein møteplass for handel. Skal vi nytte møteplass omgrepet framover må det kunne relaterast også til folk som bur fast i Førde.

Vårt fokus på vekst vart mykje diskutert. Bla vart det diskutert om dette var viktig for folk i Førde. Ein kan lett konkludere med at Førde-folk ikkje er vant til anna enn vekst. Ønskjer vi oss det vi har – vi ønskjer oss gjerne noko meir enn det vi har? Det vart konkluderte med at det i dette kan ligge ei stor fallgruve for Førde-samfunnet. Vi er så vant med vekst at vi ikkje fokuserer på det som kanskje er det viktigaste for oss. Alternativet til vekst er forvitring.

Befolkninga i kommunane i Sogn og Fjordane elles blir eldre. Det var bl.a. dei unge frå desse kommunane som flytta til Førde. Denne tilflyttinga vil soleis gå ned. Vi veit og at fødselsoverskot er eit overgangsfenomen, dvs når befolkninga i Førde også blir eldre så forsvinn fødselsoverskotet. Vi kan soleis ikkje basere oss på at eit fødselsoverskot vil sikre folketilveksten i Førde. Når fødselsoverskotet går ned, kombinert med at tilflyttinga frå andre kommunar i fylket fell, skapar dette ei betydeleg utfordring for folketilveksten i Førde. Denne utfordringa må det soleis takast tak i før den blir ein tyngande realitet.

Det vart diskuterte ulikskapar mellom eidarar, sogndølar og førdianarar. Likegyldigheita i Førde til eiga utvikling er kanskje Førde si størst utfordring.

Uttalen - det er mykje lettare å lukkast som enkeltindivid i eit samfunn som lukkast - vart framheva.

### **Diskutert i møte 6.5.09:**

Diskusjon om kva mål vi skal ha. Viktig at måla er målbare, elles blir dei berre fine ord utan sjanse til å sjekke ut om ein er på rett veg. Ein identifiserte mål knytt til vekst, identitet, utdanning og arbeid.

Svakheitene i dagens Førde samfunn vart diskuterte, her under kva som kunne betre vårt omdøme. Dette ligg ikkje til visjonsgruppa. Vårt fokus må vere på kva Førde vi vil ha i framtida. Vi skal soleis ikkje diskutere strategi eller handlingsplanar for å nå måla. Kva som må gjerast for å skape vekst, kva som må gjerast for at innbyggerane skal trivast osv er ikkje vår oppgåve. Diskusjonen om mål er meir enn krevjande nok og oppfatningane vil vere mange. Utan klare mål for Førde som vi greier å einast om, blir utarbeiding av handlingsplanar og iverksetjing av ulike tiltak meningslause. Dette fordi handlingsplanane/tiltaka må vere knytt opp mot det vi ønskjer oss for at dei skal vere fornuftige for oss som innbyggerar.

### **Diskutert i møte 27.5.09:**

Diskusjon rundt mål og visjon. Gjennomgang av ein rekke utviklingstrekk knytt til Førde dei siste 40 år, utdanning, arbeidsplassar m.m. Det er svært vanskeleg å ha ei klar formein om kva som er vekstnæringane framover. Ei visjonsgruppe bør heller ikkje ta mål av seg for å peike ut desse. Det lyt marknaden og dei ulike aktørane i samfunnet avklare. Det avgjerande viktige er at ein har eit samfunn som fokuserer på vekst og ser nytte av det. Visjonsgruppa er likevel av den oppfatning at sysselsetjinga innan helse og varehandelen er så sentral i Førde at ei framleis positiv utvikling innan desse to næringa er avgjerande for ei positiv utvikling i Førde i tidsrommet fram til 2020. Det er soleis avgjerande viktig å setje fokus på utviklinga til desse to næringane og soleis ha mål for dei.

### **Diskutert i møte 9.6.09:**

Ein konkluderte med å gå vidare med to visjonar. Ein gjekk gjennom måla og prøvde å formulere desse klårare. Ein kom opp med ein rekke verdiar som kan passe for innbyggjarane i Førde. Ein diskuterte innbyggjarane si involvering i ein verdidiskusjon.

### **Diskusjon i møte 24.6.09:**

Ein konkluderte med å gå vidare med berre ein visjon. Den valte visjonen er samanfallande med den nyleg vedtekte visjonen til Førde kommune. Visjonsgruppa var av den oppfatning at denne visjonen fullt ut dekkar det som visjonsgruppa hadde diskutert seg fram til. Fokuset på menneske i sentrum og stikkordet drivkraft har vore heilt sentrale element i diskusjonen i visjonsgruppa. Det må også vere ein styrke at Førde kommune og Førde samfunnet har den same visjonen. Ein gjekk på nytt gjennom alle måla, og konstaterte at ein burde ha med eit mål kring miljøbevisstheit. Vidare konkluderte ein med at innbyggjarane i Førde bør engasjerast i eit val av kva verdiar som bør kjenneteikne folk i Førde. Dette var det siste møtet i Visjonsgruppa. Neste møte blir eit fellesmøte med alle gruppene i FørdeFramover. Dette i tråd med mål og framdrift for visjonsgruppa, vedteke 22.4.09.

### **Diskusjon i møte 2.10.09:**

Nokre av medlemmane i visjonsgruppa var samla i eit møte i Førde Forum då hovudpunkta i visjonen vart presentert. Detaljmåla vart ikkje presentert, men det var fokusert på at ein hadde ulike delmål under kvart hovudmål som vekst, utdanning, arbeid, identitet og trivsel. I Førde Forum vart det ein betydeleg diskusjon om vekst var eit rett hovudmål. Ikkje når det gjaldt realitet, men om ordet utvikling var eit betre ord enn vekst. Visjonsgruppa sitt fokus på mennesket kunne også tilseie at ordet sunn vekst/utvikling burde vere meir framtrekande.

### **Diskusjon i møtet 30.10.09:**

Det var invitert til møte i heile FørdeFramover der visjonsgruppa sitt forslag vart presentert. Forslaget vart godt motteke. Det kom eit forslag til nytt mål samt enkelte forslag til presiseringar. Desse vart innarbeidd. Det vart konkludert med at forslag til visjonen og mål for Førdesamfunnet skal presenterast for media m.m. i januar 2010.

Sist oppdatert: 30.10.09 John Helge Lunde